

PÅ FYRSTE REKKE: Jostein Goa (nærmast) og Ørjan Høyland stod i fyrste rekke då Torstein Obrestad opna laurdagskvelden på Ranglerock og syns den lokale musikken er heilt topp.



Knirkefri rangling

Fornøgde band, fornøgde arrangører og fornøgde ranglarar. Ranglerock 2010 kunne hatt fleire besøkjande, men alt i alt er arrangørane godt fornøgde.

JORUNN E. STEINSLAND | tekst og foto
jes@jbl.no

– Heilt fantastisk. Eg gler meg allerede til neste år.

Jostein Goa er i fyr og flamme etter å ha fått med opninga av laurdagens Ranglerock med Torstein Obrestad og svenske gjestemusikkarar.

– Vind i gardhol har alt det gode. God musikk og gode tekstar, og så er det musikk me alltid har høyr, held nærøbuen Goa fram.

Saman med kameratane stod han i fyrste rekke under konserten og Torstein Obrestad la godt merke til dei engasjerte tilhøyrarane som sannsynlegvis ikkje var fødte ein gong då cd-en til Vind i gardhol kom ut i 1981.

– Det gjer meg litt stolt, innrømmer Obrestad, etter å ha fått høyra kva godord publikum kom med.

– Det viser at musikk ikkje har aldersgrenser, smiler Obrestad.

– Kult på Bryne

Både fredag og laurdag var fylt opp med variert og spennande musikk. Fleire Jærbladet snakka med rosa mangfaldet og at det var noko for einkvar smak.

– Ranglerock er eit fantastisk tiltak, seier Oddvar Wiig.

Han karakteriserer seg sjølv som ein blodfan av Svenssen og kjem mest for å høyra dei lokale banda.

– Dette er ei av dei få helgene det er dritkult å gå ut på Bryne, legg kamerat Jarle Laihinen til og får støtte frå resten av kameratgjengen.

– På topp musikalsk

Festivalsjef i Ranglerock og bandmedlem i Svenssen, Omund Norheim, er godt fornøgd.

– Det musikalske var heilt på topp, og folk var kjempefornøgde. Mange fekk seg nye favorittband, og det er flott, seier Norheim etter at siste festivaltone har ebba ut og dansen i dei små nattetimar er vel avslutta.

– Men det var eit lite hakk ned når det gjeld besøk, samanlikna med i fjor, legg Norheim til.

Med rundt 300 festivalgjester både fredag og laurdag og 100 på torsdag, var målet om 1000 publikummarar eit stykke vekk.

Festivalen hadde 50 frivillige, noko som var rundt 20 fleire enn i fjor. Dei frivillige jobba ein kveld, og kom gratis inn dei andre to og trengde derfor ikkje billett. Norheim lurar òg på om dårleg ver kan ha ein årsak til at fleire tok turen ut, eller kanskje folk trudde festivalen var utselt, men fasitsvaret er umuleg å gjetta seg fram til.

– Me kunne uansett godt hatt 50 fleire, sjølv om me er godt fornøgde med det publikummet me har, slår Norheim fast.

Ranglerock tener ikkje dei store pengane. I år håper festival-

sjefen at budsjettet går i null.

Vil ha med fleire

Norheim er likevel ikkje i tvil om at Ranglerock er liv laga i åra som kjem. Han legg heller ikkje skjul på at arrangørane gjerne ser at ein ny generasjon eldsjeler kjem inn og tek over litt av ansvaret for, og arbeidet med, festivalen.

– Me jobbar med å få inn nye folk, og det var kjempekjekt at Goatfish var med og arbeide som frivillige. Me håper denne fine gjengen vil vera med vidare, seier festivalsjefen.


Det lokale bandet med Peder Erga i spissen opna Ranglerock torsdag.

– Men har nokon andre lyst til å vera med, er det bare å melda seg, seier Norheim, og avkreftar i same andedrag at primus motor Svenssen er i ferd med å trekkja seg heilt ut av Ranglerock.

– Dette er utan tvil den kjekaste helga i året for oss. Men meir familieliv hos fleire gjer at me vil ha inn meir folk på arrangementssida. Det kan vera alt frå å vera ansvarleg for frivillige, jobba opp mot sponsorar og søknadsskinging. Rett og slett alt som tek tid, seier Norheim.

Neste år feirar Ranglerock tiårsjubileum. Norheim håper å slå på stortromma og satsar på eit gjensyn med nokre av dei beste banda som har gjefta Ranglerock gjennom åra festivalen har eksistert. Om torsdagsrock blir vidareført til neste år og i åra som kjem, er ikkje heilt sikkert, men Norheim utelukkar det ikkje.

– Kanskje kan me gjera noko saman med Midtpunktet for dei under 18. Ungdommane må og få gå på konsert. Det er altfor dårleg tilbud på Bryne, og Mølla vil fungera godt som ungdomshus, meiner sjefsranglar Omund Norheim.



LOKALE: Lokale Hovering Orville opna Ranglerock fredag med Birger Bekkeheien



– FABELAKTIG: Lene Tjøtta kosa seg under det norske bandet PELBO sin konsert fredag kveld. Ho har sett dei før og syns musikken er heilt fabelaktig.